



BØ KOMMUNE


Administrasjon

Saksbeh.: Hilde Pedersen
Innvalsnr.: 35 05 92 21
Kontoradr.: Gullbringvegen 34
Tlf. etaten: 35 05 92 20 faks:35 95 16 19

Kultur- og kyrkjedepartementet

KULTUR OG FRITID

Dato: 26.01.2007
Arkivnr.: K2-C00
Vår ref.: 07/80-3



EVALUERING AV DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN - HØYRINGSUTTALE

Vedlagt følger Bø kommune sin høyringsuttale i samband med evalueringa av Den kulturelle skolesekken. Høyringsuttalen er vedtatt av utval for helse, skule og kultur i møte 23. januar 2007.

Med helsing

Hilde Pedersen
einingsleiar

**M**

SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Helse, skule og kultur	23.01.2007	008/07	HP

Saksansvarleg: Hilde Pedersen

Arkiv: K2-
C00

Arkivsaknr.: 07/80

Oppfølgjingsansvar:

Tidsfrist:

EVALUERING AV DEN KULTURELLE SKULESEKKEN. HØYRINGSUTTALE

Vedlegg: Høyringsbrev KKD 09.11. 2006; Evaluering av Den kulturelle skulesekken Samandrag frå evalueringsrapporten Ekstraordinært eller selvfølgelig? Av Jorunn Spord Borgen og Synnøve S. Brandt september 2006

Saksomtale: I samband med at Stortinget behandla St. melding nr. 38 (2002-2003) Den kulturelle skulesekken, vedtok Stortinget å be regjeringa om å foreta ei evaluering av Den kulturelle skulesekken i løpet av 2006 og legge den fram for Stortinget. Forskningsinstituttet NIFU STEP fekk oppdraget av KKD, og la fram sin evalueringsrapport 8. september 2006. Denne rapporten er nå sendt ut på høyring, slik at KKD kan få eit betre bilde av korleis DKS fungerer og korleis ordninga best kan vidareutviklast og styrkast. Høyringsfristen er sett til 1. februar 2007.

Høyringsuttale:

I Bø kommune har skulane og kulturavdelingene samarbeidd om kunst- og kulturtilbod inn i skulen sidan 1996. Vi var inspirerte av Sandefjordsmodellen og forsøkte å få til eit tilsvarende opplegg i Bø kommune. Vi blei tidleg med eit pilotprosjekt i regi av Telemark fylkeskommune, der åtte kommunar fekk eit samordna profesjonelt tilbod innanfor dei ulike kunstuttrykka. Dette profesjonelle turne- og formidlingstilbodet, Kulturskatten, omfattar i dag alle grunnskuleelevar i Telemark. Kulturskatten får stort sett bare positive tilbakemeldingar, og er eit opplegg som alle aktørar ønskjer å utvikle vidare.

Parallelt har vi utvikla eit lokalt forankra og tilpassa skulesekktilbod til skulane. Dette lokale tilbodet som kjem i tillegg til dei lokale planane, er finansiert av sentrale DKS-midlar og egne midlar, og er i første rekke basert på eit samarbeid mellom lokale kunstnarar/utøvarar, avdelingar i kultureininga og skulane. Konkret er det utvikla vellykka nye tilbod innanfor dans, bildekunst og folkemusikk i eit nært samarbeid mellom Bø musikkskule og dei tre skulane i Bø kommune.

Lokal styringsgruppe og arbeidsgruppe for DKS i Bø kommune er svært nøgde med den modellen Telemark fylke har utvikla. Vi meiner kombinasjonen av eit kunstnarleg kvalitetssikra og godt samordna profesjonelt tilbod regionalt, og den lokale dimensjonen, er svært god, og langt på veg innfrir dei

forventningane vi hadde og har til dette fantastiske kunst- og kulturtilbodet til alle elevar i grunnskulen.

Vi er opptekne av at DKS også i framtida skal vere eit profesjonelt tilbod av høg kunstnarleg kvalitet, som fokuserer på formidlingsaspektet og opplevinga for den enkelte eleven. Eigenaktivitet er også viktig, men mindre viktig i denne samanhengen, hevdar kulturkontaktane i grunnskulen i Bø kommune. Den kulturelle skulesekken skal vere eit profesjonelt tilbod som kjem i tillegg til skulens eiga verksemd innanfor kunst- og kulturfag.

Arbeidet med den kulturelle skulesekken må vere politisk forankra lokalt. Det må vere ein føresetnad at det blir utarbeidd lokale planar og at det blir bevilga kommunale midlar til arbeidet. Dei statlege midlane må øyremerkast til skulesekkprosjekt, og skal ikkje kunne brukast til ordinære driftsutgifter eller investeringar i skulen.

I den enkelte kommunen må det etablerast eit breitt samarbeid mellom kulturansvarleg, skulen og lokale kunstnarar og organisasjonar. Den kommunale kulturskulen vil vere ein viktig samarbeidspartnar. Kommunane må ha mulegheit for å kunne søkje støtte til lokalt utvikla prosjekt i tillegg til dei tilboda som er etablert i fylkeskommunal eller statleg regi eller av andre ulike tilbydarar.

For å utvikle tilbodet vidare i eit positivt og gjensidig forpliktande samarbeid mellom skule og kultur, er det såleis nødvendig at eit slikt samarbeid også blir spegla i den sentrale organiseringa. Vi meiner at ansvaret for gjennomføring og fordeling av midlar framleis bør høyre heime i Kultur- og kyrkjedept.

Målet må vere er at alle elevar i løpet av skuletida, får eit så breitt og allsidig kulturtilbod som muleg med veksling mellom ulike formidlingsformer. Eleven får oppleve at kunstnarar og kulturformidlarar kjem på besøk til skulen eller nærmiljøet, - får tilbod om eigenaktivitet og medverknad, får oppleve ulike kulturformer i eige lokalmiljø og får oppleve profesjonelle kunst- og kulturtilbod på profesjonelle arenaer utanfor skulen. Dette er ein av ideane bak Den kulturelle skulesekken; eit dannelsesprosjekt som bør vidareførast og utviklast med fokus på eleven i møte med mangfaldige kunstuttrykk.

Rådmannen Utval for helse, skule og kultur vedtar høyringsuttalen slik den ligg føre.
tilråd:

HSK-008/07

Vedtak: Som framlegget frå rådmannen. Samrøystes.

Rett utskrift



Dato: 25.01.2007

Kopi til:
Leiar eining kultur og fritid